

Kommunevalprogram

2019-2023

Sterkare fellesskap



Masfjorden Arbeidarparti

Masfjorden Arbeidarparti

YNSKJER EIT SAMFUNN MED TRYGGLEIK OG GODE KÅR. VÅR POLITIKK BYGGJER PÅ FRIDOM, LIKEVERD, RETTFERDIG FORDELING, DEMOKRATI OG ARBEID FOR ALLE.

I KOMANDE VALPERIODE VIL MASFJORDEN ARBEIDARPARTI FØRE EIN POLITIKK FOR BETRE FELLESSKAPSLØYSINGAR.

- Trygg oppvekst.
- Helse og velferd.
- Arbeid for alle.
- Bustader for ulike livsfasar.



Ei stor oppgåve er å auke folketalet, ta vare på og utvikle tenestene

Desse oppgåvene er viktig for å kunne sikre trivsel og velferd til innbyggjarane i Masfjorden kommune. Å auke folketalet ligg i botn for satsingsområda i Masfjorden Arbeidarpart sitt valprogram.

Våre kandidatar:



Torill Torsvik Størkersen
Ordførarkandidat



Ragnvald Tangedal
2. kandidat



Hildegunn Bjånes
3. kandidat



Britt Inger Myhr
4. kandidat



Ådne Matre Andersen
5. kandidat



Miriam Standnes Haugen
6. kandidat

Eit lokalsamfunn i utvikling.

Å ta eit val er å velje kva **verdiar** du set høgst i samfunnet, og korleis **du** vil det skal fungere. Vi i **Arbeiderpartiet** ynskjer å ha eit samfunn basert på eit sterkt fellesskap, som tek vare på alle uavhengig av kven ein er og kva livsfase ein er i. Samfunnet skal vere **rettferdig** og **inkluderande**.

Oppvekstmiljøet skal vera trygt og godt. Vi skal ha gode skular og barnehagar som gir born og unge høve til vekst og utvikling. I vaksen alder er det særst viktig at arbeidsmarknaden i regionen syner breidde i arbeidsplassar, tar kvalitet og sikkerheit på alvor, og at der er eit næringsliv i vekst. Læreplassar til ungdommar som skal ut i arbeidslivet er ein nøkkel for rekruttering. I moden alder vil god og aktiv eldreomsorg vere særst viktig, både om ein ynskjer å bu heime eller i fellesskap på sjukeheim.



*Torill Torsvik Størkersen
Ordførarkandidat*

I tillegg til at kommunen skal levere gode kommunale tenester til innbyggjarane, så skal vi òg leggje til rette for både næringsutvikling og bustadbygging. Dette for å skape ein attraktiv kommune å bu i. Gode bumiljø som gir tryggleik og trivsel i kvardagen, bør framleis vere ei merkevare for Masfjorden. Vi har eit rikt og allsidig kulturliv i Masfjorden, som det er viktig å støtte opp om og gje gode vilkår. Kultur er limet i samfunnet, som bind oss saman. Dei kulturelle opplevingane innan musikk, idrett oa. gjev varige verdiar og positiv utvikling av lokalsamfunnet. Våre nye tilflyttarar må me tidleg inkludere i aktivitetar.

For impulsar og utvikling av kulturliv og næringsliv, er god kommunikasjon særst viktig. Å få ferjefri kryssing av Masfjorden og utbetre Austfjordvegen, vil vere dei største oppgåvene også kommande periode. Masfjorden Arbeiderparti vil vere ein utolmodig pådrivar og samarbeidspartnar med andre i dette arbeidet. Klima og miljø vil òg ha større og større fokus og Arbeiderpartiet vil gå i bresjen for å sikre reduksjon av våre utslepp. Naturmangfaldet i kommunen har me eit stort ansvar for å forvalte med omhug og eg er svært glad for at Masfjorden Arbeiderparti seier NEI til store vindkraftparker i fjellheimen vår. Her må betre løysingar finnast, som havvindparker og CO2-lagring.

Dersom du meiner at våre verdiar og val er det **du** ynskjer, så gje **di** stemme til Masfjorden Arbeiderparti. Eg kan love at eg vil gjere mitt aller beste som ordførar og leie forvaltninga av våre verdiar, ressursar og fellesskap så optimalt som mogleg, slik at me i lag kan vidareutvikle Masfjorden for framtida! Godt val!

Torill Torsvik Størkersen
Ordførarkandidat

TRYGG OPPVEKST

Barn og ungdom er framtida for kommunen vår. Ungdommen utfordrar det etablerte, og ein aktiv og open dialog med dei er derfor svært viktig.

MASFJORDEN ARBEIDARPARTI VIL

- Arbeide aktivt for å auke talet på lærlingplassar i kommunen.
- Støtte frivillige lag og organisasjonar som arbeider for barn og unge.
- Arbeide for rusfrie ungdomsmiljø.
- Arbeide for mobbefrie oppvekstmiljø.
- Leggje tilhøva til rette for eit styrka og formalisert samarbeid mellom dei ulike oppvekstområda, slik at barna får likeverdige tilbod i alle delar av kommunen.
- Arbeide for at dei som arbeider med å utvikle barn og unge, sjølve får høve til å ta etter- og vidareutdanning for å sikre kvaliteten på tilboda.
- Politireforma må også gje forebyggjande resultat i høve born og unge.

BARNEHAGE

Masfjorden har tre gode barnehagar som sikrar kommunen full barnehagedekking. Barnehagen skal vere ein frivillig del av det livslange utdanningsløpet og skal gje rom for både læring og leik.

MASFJORDEN ARBEIDARPARTI VIL

- Arbeide for framleis god kvalitet i barnehagane.
- Arbeide aktivt for å ha kvalifisert personale.
- Arbeide for vidare full barnehagedekking og låg foreldrebetaling.



SKULE

Masfjorden har tre gode skular med kvalifisert personale. Når brua kjem, vert ungdomssteget på Nordbygda og Sandnes redusert til eitt. Det vil då kreve ein god prosess på å få dette best mogleg til. Det er viktig at elevane får eit best mogleg læringsmiljø, og at det blir eit godt fagmiljø for dei tilsette.

MASFJORDEN ARBEIDARPARTI VIL

- Sikre at løyvingar til lærar- og assistenttimar vert så høge at elevane får den undervisninga og den tilrettelegginga dei etter opplæringslova har krav på.
- Arbeide for at skulane i Masfjorden skal bli dysleksivenlege skular.
- Sikre naudsynte midlar til lærebøker, ekskursjonar og anna materiell til undervisning.
- Arbeide for å ha kvalifisert personale.
- Støtte elevbedrifter og entreprenørskap.
- Arbeide for eit skulefritidstilbod - SFO, som er så tenleg og rimeleg at det kan nyttast av alle som ynskjer det. Gratis for 1. klasse.
- Sikre tilstrekkeleg løyving til leksehjelp, slik at alle som har behov for det kan få slik hjelp.
- Arbeide for å oppretthalde gode skuleruter til dei vidaregåande skulane i Nordhordland.slik at ungdommen kan bu heime.
- Arbeide for å oppretthalde eit godt utdanningstilbod ved dei vidaregåande skulane.
- Vurdere vidareføring av prosjektet «De utrolige årene» inn på småskuletrinnet.
- Arbeide for at symjeopplæringa vert best mogleg i høve krava.



FOLKEHELSE OG VELFERD

Masfjorden kommune har eit godt omsorgs- og velferdstilbod, noko som viser att i gode tilbakemeldingar frå brukarar, pårørande og tilsette. Innhaldet i omsorgstilbodet vil vere satsingsområde for Masfjorden kommune også i åra framover. Frivillige lag og organisasjonar gjer også ein stor innsats når det gjeld ulike omsorgsoppgåver. Dette arbeidet må ein vite å verdsetje og leggje til rette for.

Arbeidet innan helse og sosial er medverkande for trivsel og tryggleik i kommunen vår. Me vil arbeide for trygge og gode helse-, pleie og omsorgstenester.

MASFJORDEN ARBEIDARPARTI VIL

- Arbeide for framleis høg kvalitet i tenestene.
- Arbeide for å fortsatt ha kvalifisert personale i tenestene.
- Arbeide for å sikra og vidareføra eit dagtilbod med sosialt samvær og aktiviteter for eldre i alle deler av kommunen.
- Arbeide for å oppretthalde individuelt dagtilbod for personar med demenssjukdom.
- Sikre midlar til kulturopplevingar gjennom Den kulturelle Spaserstokken.
- Arbeide for å oppretthalde eit godt barnevern.
- Sikre gode tilbod til barn og unge med særskilde behov.
- Styrke ei brei funksjon av frivillighetssentralen.
- Vidareutvikle bruken av omsorgsteknologi.
- Greie ut legevaktordning nord for Fensfjorden.




ARBEID FOR ALLE

Arbeidarpartiet har alltid hatt arbeid for alle som sitt fremste mål. Vårt mål er å få alle som ynskjer det i heile stillingar. Det er med på å sikre inntekt, busetnad, personleg velferd og tryggleik. Dersom vi ikkje sikrar dette, får barn og unge ulike vilkår. Masfjorden Arbeidarparti vil arbeide for å ta vare på dei arbeidsplassane vi har og leggje til rette for nye arbeidsplassar i vår kommune.

MASFJORDEN ARBEIDARPARTI VIL

- Bruke Kraftfondet aktivt.
- Vere ein støttespelar i utvikling av reiseliv/turisme.
- Arbeide for vidareutvikling og etablering av arbeidsplassar både i Masfjorden og i Gulen.
- Støtte opp om jordbruk, skogbruk og fiske.
- Styrkje samarbeidet mellom næringsliv og skule, slik at elevane får kunnskap om dei arbeidsplassane som er i kommunen og vi sikrar kvalifisert arbeidskraft til det lokale næringslivet.
- Arbeide for at tilbodet på Einekavane vert utvikla vidare.
- Støtte nærbutikane med lokale anbudsrundar.
- Leggje til rette for lærlingplassar i alle relevante yrker.
- Motverke arbeidskriminalitet og sosial dumping.



BUSTADER I ULIKE LIVSFASAR

Lokalsamfunn og nærmiljø må organiserast slik at vi alle kan trivast i arbeid og fritid. Vi har god plass i Masfjorden, og vi må bruke arealet slik at det vert rimeleg å byggje og triveleg å bu i felt og på strøtomtar. Vidare må det i Masfjorden vere bustader som høver i ulik fasar av livet.

MASFJORDEN ARBEIDARPARTI VIL

- Legge til rette for bustadtomtar i alle deler av kommunen.
- Arbeide for rimelege bustader for ungdom, einslege og seniorar.
- Oppretthalde etableringstilskot for bygging av nye bustader utanom kommunale byggjefelt.
- Arbeide for at hyttebygging vert styrt etter gjeldande planar.
- Arbeide for vidareføring av brannberedskap og gode brannførebyggjande tiltak i samarbeid med Gulen kommune.

KULTUR OG KYRKJE

Masfjorden har eit levande kulturliv gjennom idrett, musikk, foreiningar og lag. Dette må vi ta vare på og vidareutvikle.

MASFJORDEN ARBEIDARPARTI VIL

- Sikre vidare drift av symjebassenget på Matre .
- Utvikle hovudidrettsanlegget på Hosteland.
- Sikre ei god bibliotekteneste i alle delar av kommunen.
- Fylgje opp kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet.
- Arbeide for vidareutvikling av Bjørn West-museet og andre samlingar/museum i kommunen.
- Vidareføre løyvingar til kulturmidlar.
- Arbeide for rimelegare/gratis instruktørar i kulturskulen for barn og unge.
- Arbeide for at Stordalen kan utvikle seg vidare som eit attraktivt friluftsområde.
- Oppretthalde ein kulturskule med høg kvalitet på tenestene.
- Oppretthalde idrettsskulen med høve for variert innhald.
- Oppretthalde midlar til Fellesrådet, slik at dei kan ha ei forsvarleg drift og eit godt vedlikehald av kyrkjelege anlegg.



MILJØPOLITIKK

Det er auka fokus på miljø globalt og lokalt. Miljøpolitikken skal vere sektorovergripande.

MASFJORDEN ARBEIDARPARTI VIL

- Fylgje opp klima- og energiplanen.
- Arbeide for gode returordningar, attvinning, kjeldesortering og heimekompostering.
- Bruke Fiskefondet aktivt til å fremje elvefisket.
- Ta vare på fjellområda våre og vere varsame med inngrep og utbygging.
- Verne om artsmangfaldet i kommunen.
- Oppheve oppankringsområdet i Fensfjorden.
- Rehabilitere gamle kraftverk framfor stor vindkraftutbygging.



SAMFERDSEL

Masfjorden har for det meste gode kommunikasjonar både mot Bergen og Sogn, men det er mykje ugjort enno både i høve utbetring av vegar, offentlig kommunikasjon og ikkje minst ferjefri kryssing av Masfjorden. Store fysiske avstandar er ei utfordring for effektiv drift av dei kommunale tenestene og anna intern kommunikasjon i kommunen.

MASFJORDEN ARBEIDARPARTI VIL

- Vidareføre arbeidet for å realisera Masfjordbrua.
- Vidareføre arbeidet for utbetring av vegen mellom Masfjordnes og Andåskrysset.
- Arbeide for naudsynt vedlikehald av dei kommunale vegane.
- Arbeide for betre korrespondanse mellom buss og ferjer.
- Gjennomføre tiltaka i trafikksikringsplanen.
- Arbeide for å fjerne dei "kvite felta" i mobilnettet.
- Oppretthalde tidlege og seine ferjeavgangar.
- Gjennomføre tiltak vha Nordhordlandspakken og fylkeskommunale midler.

KOMMUNAL STYRING OG TENESTEYTING

MASFJORDEN ARBEIDARPARTI VIL

- Vere ein god arbeidsgjevar for alle kommunalt tilsette.
- Arbeide for at dei kommunale tenestene ikkje vert privatisert.
- Samarbeide med arbeidstakarorganisasjonane.
- Arbeide for at kommunen skal få på plass kompetanseplanar for å sikra gode etter- og vidareutdanningstilbod for alle tilsette.
- Oppretthalde fagstipend.
- Arbeide for å auke talet på lærlingplassar.
- Arbeide for at kommunen i sine innkjøp stiller krav om at leverandørar skal ha landsdekkande tariffavtale.
- Arbeide for at ved innkjøp frå bedrifter som omfattar lærefag, skal bedrifta være ei lærebedrift og ha lærlingar.
- Arbeide for at det blir etablert vikar-pool i egen regi for å dekke variablar i eiga bemanningsbehov.
- Oppretthalde gode kommunale tenester til så låg pris som mogleg.
- Betra heimesida til kommunen.
- Ta initiativ til å få utarbeida ei serviceerklæring som sikrar god informasjonsflyt og sakshandsaming.

Masfjorden Arbeidarparti vil leggje til rette for samlokalisering av offentlege tenester og kompetansearbeidsplassar for å sikre at desse blir verande i kommunen.

For at folketalet i Masfjorden skal auke vil MASFJORDEN ARBEIDARPARTI at vi saman skal gjere Masfjorden så god å leve og bu i, at vi alle vert gode ambassadørar for kommunen vår.

Vi vil gjerne ha deg med på laget! Du finne innmeldingsskjema på www.arbeiderpartiet.no/blimedlem eller kontakt ein av oss.

Godt val!



MASFJORDEN ARBEIDARPARTI

KOMMUNEVALET 2019 - 2023

	Kandidat	Bustad
1	Torill Torsvik Størkersen	Hosteland
2	Ragnvald Tangedal	Hosteland
3	Hildegunn Bjånes	Matredal
4	Britt Inger Myhr	Masfjordnes
5	Ådne Matre Andersen	Hosteland
6	Miriam Standnes Haugen	Matredal
7	Erlend Birkeand	Hosteland
8	Ingvill Molland	Hosteland
9	Merethe Rugseth	Matredal
10	Renee Kårtveit	Masfjordnes
11	Birger Alias Wergeland	Hosteland
12	Bjørn Rune Kvinge	Masfjordnes
13	Anita Birgitte Solheim	Haugsvær
14	Aina Sleire	Hosteland
15	Malmfred Helge Haukeland	Hosteland
16	Merete Myhr Hope	Masfjordnes
17	Endre Tynning Nystrand	Hosteland
18	Elin Kjersti Eikemo	Haugsvær
19	Liv Dyregrov	Hosteland
20	Frode Haugsvær Andersen	Haugsvær